



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Formannskapet



Møtedato: 08.05.2024
Møtetid: 13:00 -17:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Lars Fjeldstad	Ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Renathe Tangen	Sebastian Andre Haugland	V

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunedirektøren
Kommunalsjef for samfunnsutvikling
Politisk sekretær

Ekstra informasjon til møte:

Formannskapet var generalforsamling for Osterøy Aktiv AS

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 27/24	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 28/24	Godkjenning av møtebok frå 10.04.2024
PS 29/24	Forvaltningsplan Kossdalen
PS 30/24	Osterøy Aktiv AS - førebuing av generalforsamling for kommunaleigde selskap
EV 3/24	Andre saker/spørsmål

Lars Fjeldstad

Ordførar

PS 27/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Formannskapet - 08.05.2024 av sak 27/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Det var ingen merknad til innkalling og saksliste

Vedtak i Formannskapet - 08.05.2024 av sak 27/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent

PS 28/24 Godkjenning av møtebok frå 10.04.2024

Handsaming i Formannskapet - 08.05.2024 av sak 28/2024 Godkjenning av møtebok frå 10.04.2024:

Det var ingen merknad til møtebok.

Vedtak i Formannskapet - 08.05.2024 av sak 28/2024 Godkjenning av møtebok frå 10.04.2024:

Møtebok frå 10.04.2024 vert godkjent

PS 29/24 Forvaltningsplan Kossdalen

Handsaming i Formannskapet - 08.05.2024 av sak 29/2024 Forvaltningsplan Kossdalen:

Ragnar Tyssebotn, FRP, sette fram slikt utsettingsframlegg: "Saka vert utsett ved synfaring"

Avrøysting utsetting:

Utsettingsframlegget fell 5 røyster mot 1 røyst (FRP)

Avrøysting - samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 08.05.2024 av sak 29/2024 Forvaltningsplan Kossdalen:

Forvaltningsplan for Kossdalen vert vedteke slik den ligg føre.

PS 30/24 Osterøy Aktiv AS - førebuing av generalforsamling for kommunaleigde selskap

Handsaming i Formannskapet - 08.05.2024 av sak 30/2024 Osterøy Aktiv AS - førebuing av generalforsamling for kommunaleigde selskap:

Avrøysting - samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 08.05.2024 av sak 30/2024 Osterøy Aktiv AS - førebuing av generalforsamling for kommunaleigde selskap:

Formansskapet vedtek følgjande personer som nye medlemmer av styret til Osterøy Aktiv AS

Leiar: Jarle Vik

Nestleiar: Elin Bergan

Vara: Kjersti Vevatne

EV 3/24 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Formannskapet - 08.05.2024 av sak 3/2024 Andre saker/spørsmål:

Kim Andre Hartveit, FRP har sendt inn slikt spørsmål i forkant av møtet:

"Etter mykje bygdasnakk ønsker eg avklaring av eit par saker av rådmann/ordfører.

Legger kommunen ut alle offentlege prosjekter ut på anbod (doffin)?

Eller er det kun nokre utvalgte som får rekne ?

Og om so, korleis har kommunen komme fram til kun enkelte firmaer ?

Om ein del av prosjekta ikkje vert lagt ut på offentleg anbod, kva er grunnen til det ? Er det ikkje bedre at alle får mogleighet til å delta ?

Kva er grensa når kommunen skal legge det ut på offentleg anbod og har kommunen lagt ut alle anbod som overskrider den summen offentleg ?"

Kommunalsjefen for samfunnsutvikling svarte slik:

"Spørsmåla er oppfatta å vere stilt i samband med møte i formannskapet den 8. mai, og det vert svart ut der. Kopi av svar sendes alle medlemmer av heradsstyret i etterkant, etter avtale med ordførar.

Fyrst nokon generelle kommentarar til tema som vert adressert.

Formålet med regelverk for offentlege anskaffingar er å sikre at anskaffingsprosessen er open, rettferdig og konkurransedyktig. Dette bidrar til å fremme effektiv ressursbruk, hindre korrupsjon og sikre likebehandling av aktørar.

Forsyningsforskrifta er den del av anskaffingsregelverket som gjeld ved inngåing av kontraktar innan vass- og energiforsyning, transport og posttenester. Denne nyttar vi regelmessig ved anskaffingar innan VA.

Kommunen er sjølvstendig pliktig å følgje desse regelverka, og dette styrer mykje av korleis vi føretek anskaffingar.

Det er viktig å vere klar over at beløpsgrensane som skil del I og del II og er gjort med tanke på effektiv ressursbruk sett i forhold til størrelsen på anskaffinga.

Så til dei konkrete spørsmåla.

Legger kommunen ut alle offentlege prosjekter ut på anbod (doffin)?

Nei, vi legg ikkje ut prosjekt som er berekna til under 1,3 millionar eks. mva. Då inviterer vi 3-4, ofte lokale eller firma vi har gode erfaringar med, til å gje pris på slike oppdrag, og det blir ein konkurranse mellom dei. Prosjekt som er estimert til over 1,3mill vert lagt ut på Doffin. Denne praksisen er i tråd med forskrift om offentleg anskaffingar.

Når ein har med vassleidningar å gjera, kjem det imidlertid inn ei anna forskrift, Forsyningsforskrifta, som liknar mykje å den som ligg for ordinære offentlege anskaffingar. Den har imidlertid ein betydeleg forskjell, her kan ein invitere på prosjekt heilt opp til 56 millionar. Når vi nyttar denne aukar vi gjerne opp til 5-6 inviterte. Dette er vanleg praksis i fleire kommunar, og innafor det som regelverket gjer høve til.

Eller er det kun nokre utvalgte som får rekne ?

Og om so, korleis har kommunen komme fram til kun enkelte firmaer ?

Når det er prosjekt under anten 1,3 mill, eller evt. 56 mill på forsyningsforskrifta så blir det nokre utvalde firma. Oftast basert på det som blei skrive over (lokale firma, erfaringar), i tillegg til ei vurdering av den økonomiske situasjon til dei inviterte. Vi har ikkje nytta forsyningsforskrifta på større anskaffingar dei siste åra, men gjerne på prosjekt opp til 8-10 mill. Det store prosjektet i Mjeldalen var ope ute på Doffin.

Vi tilstrebar å variere kven som vert førespurd, slik at mange får moglegheit til å delta i kommunale anbod over tid.

Her skal og nemnast at kommunen har fleire rammeavtaler innan ulike områder. Når vi har slike rammeavtaler kan vi bruke desse innan dei rammene som gjeld for den enkelte avtale. Her er då regelen at når vi skal inngå nye rammeavtaler så vert det oftast ein offentlig anskaffing etter del II, grunna størrelsen på avtalene.

Om ein del av prosjekta ikkje vert lagt ut på offentlig anbod, kva er grunnen til det ? Er det ikkje bedre at alle får mogleighet til å delta ?

Ein sikrar god konkurranse ved å få inn 3-5 prisar.

Ved ei anskaffing etter del I av begge forskriftene (under 1,3mill og under 56mill) er dei formelle krava til konkurransegjennomføringa i slike typar innkjøp enklare. Det går raskare å lage ein enkel førespurnad, ein kan ha kortare fristar og kome fortare i gang med arbeida. Det gjer at vi kan jobbe meir effektivt og få ting fortare unnagjort.

Konkurransar som skal ut på Doffin er tidkrevjande å gjennomføre i alle fasar. Det gjeld og arbeid i etterkant, når ein går ut offentlig blir det ofte meir tidkrevjande arbeid i etterkant i form av innsyn og evt. klagar som skal svarast ut. Det blir det mindre av når kommunen har vist dei inviterte leverandørane den tilliten det er å bli invitert.

Kva er grensa når kommunen skal legge det ut på offentlig anbod og har kommunen lagt ut alle anbod som overskrider den summen offentlig ?

Som sagt over, 1,3mill generelt, og evt. opp til 56mill der forsyningsforskrifta gjeld. Prosjekt vert lyst ut slik dei skal iht. regelverket."

Vedtak i Formannskapet - 08.05.2024 av sak 3/2024 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje gjort noko vedtak i saka